

LOVER FOR SYSTROND SOGELAG

Lover for Systrand sogelag vedtekne på skipingsmøte 16.3.1993, med endringar vedtekne av årsmøte 3 mars 2005.

§ 1. FØREMÅL.

Laget har til føremål å fremja interesse for lokalsoga og kulturvern, samla inn, ta vare på og formidla soga om kommunen og om folket gjennom tidene.

§ 2. ARBEIDSOPPGÅVER

For å nå målet kan laget også gå i samarbeid med aktuelle organisasjoner:

- skipe til møte, kurs, samla inn og listeføre munnleg tradisjon, musikk.
- målføre, foto og anna av interesse for soga
- arbeid for vern av forn- og kulturminne i kommunen.
- arbeide for bygdebok og andre sogeskrifter.
- Arbeide for andre oppgåver i samsvar med føremålsparagrafen.

§ 3. SAMARBEID MED LANDS- OG FYLKESLAG.

Laget skal være medlem av Landslaget for lokalhistorie og Historielaget for Sogn.

§ 4. MEDLEMER.

Alle som betalar årspengar som årsmøtet fastset vert medlemmer av laget.

§ 5. STYRET.

Styret for laget skal ha 5 medlemmer med 3 varamedlemmer.

Årsmøte vel:

- a) Leiar for 2 år ved serskilt val.
- b) 4 styremedlemer for 2 år.
- c) 3 varamedlemer for 2 år
- d) 1 revisor for 2 år
- e) Valnemnd på 3 medlemer for 1 år etter framlegg frå styret.

Styret konstituerer seg sjølv.

Styret er vedtaksført når minst 3 av medlemmene er til stades. Varmedlemmene i styret skal få tilsendt sakspapira.

Styret kan nemne opp nemder til spesielle arbeidsoppgåver.

§ 6. REKNESKAPEN.

Rekneskapen skal følgje kalenderåret og leggjast fram for årsmøte saman med revisor si tilråding.

§ 7. ÅRSMØTET.

Årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars. Det skal gjerast kjent i lokalblada 14 dagar på førehand.

Årsmøte skal ha føre:

- a) Årsmelding
- b) Revidert rekneskap.
- c) Vedtak om årspengar.
- d) Innkomne framlegg.
- e) Val.

Alle som møter og har betalt medlemspengar for siste året har røysterett. Står røystene likt, har leiaren dobbelrøyst.

Saker som skal føre på årsmøtet, må vere komne til styret seinast 8 dagar føreåt.

§ 8. EKSTRA ÅRSMØTE.

Møte kan haldast når styret, eller når 1/ 4 av medlemmene ber om det. Møte kan berre ta stode til den saka- eller dei sakene- som gjev grunn til krav om slikt møte.

§ 9. LOVENDRING.

Endringar av lovene kan gjerast på lovleg årsmøte, om 2/ 3 av dei frammøtte lagsmedlemmene ønskjer det.

§ 10. OPPLØYSING AV LAGET.

Eit årsmøte kan med 2/ 3 fleirtal, gjere vedtak om oppløysing av laget. Eiga, arkivsaker og anna av kulturhistorisk verdi, skal takast vare på av Leikanger kommune.